




HERØY
kommune

Språkbruksplan



EI BÅTLENGD FØRE

Skriftspråk

Nynorsk er administrasjonsspråket i Herøy kommune. Dette omfattar sakshandsaming, rettleiing, informasjon og skjema på alle tenesteområde. Alle tilsette i den kommunale verksemda pliktar å bruke nynorsk i tenesta.

Skriftspråket skal vere klart og lett å forstå. Vi skal følgje den vedtekne nynorskrettskrivinga. Såleis skal vi strekkje oss etter å stove og bøye orda rett.

Språkpolitiske mål

Dialekten (målføret) er ein svært viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt styrkjer identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som viktig å verne om språket vårt.

Grunnlaget for talemålet og skriftspråket til borna vert i dag lagt i barnehagane og i skulane. Difor er det viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar der. Nynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar og lesing med meir.

Skuleadministrasjon og rektorar har eit særleg ansvar for å gjere dei tilsette kjende med § 40 i lov om grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. Dei tilsette i barnehagane må også ta desse omsyna.

Norskopplæringa for innvandrarar skal vere på nynorsk.

Biblioteket skal syte for å ha eit variert og godt tilbod av litteratur på nynorsk.

Retningslinjer for skriftspråket i kommuneadministrasjonen

Vi skal kommunisere på ein måte som er open og tydeleg. Tekstane vi skriv, skal vere lette å forstå.

Vi bør bruke norske ord i staden for framandord så sant det let seg gjere. Ei ordliste og ei synonymordbok er gode hjelparar.

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Det kan vere lurt å førestille seg ein konkret person som mottakar i teksten din. Døme:

- **Skriv aktiv, ikkje passiv:**

- *Ordføraren tok opp saka til avrøysting, ikkje
Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren.*

- **Bruk helst personleg pronomen, også når vi omtalar kommunen eller kommunetilsette:**

*Vi viser til søknaden din/dykkar, ikkje
Ein viser til Dykkar søknad.*

- **Bruk heller verb enn substantiv der det er naturleg:**

*Det er viktig at kommunen er med på å utforme søknaden, ikkje
Kommunens medverknad er viktig ved utforminga av søknaden.*

- **Unngå typiske moteuttrykk eller skoddespråk:**

Ordføraren sa til pressa, ikkje...uttalte i forhold til pressa.

- **Unngå særskrivingsfeil:**

Det er skilnad på sær skrivning og særskrivning, røyk fritt og røykfritt, koke bøker og kokebøker.

Andre gode ressursar er:

- Nettsidene til Språkrådet. Sjå særleg Klarspråk-sidene: <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/>.
- For nynorsk: Fretland (2015): På saklista: Språk og saksbehandling på papir og nett. Fagbokforlaget 2016
- For rettskriving og teiknsetjing, sjå www.korrekturavdelingen.no og Søyland og Fretland. (2015): Norske skrivereglar. Samlaget 2015.
- Godt språk: <http://www.lnk.no/images/lnkgodtsprak.pdf>

Tiltak

Opplæring

Herøy kommune tek sikte på å gi alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For sakshandsamarar skal slike kurs vere obligatoriske. Tilsette i skular og i barnehagar skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialekt og lokal kultur.

I utlysingar av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsspråket er nynorsk.

Hjelpemiddel

I alle avdelingar i kommunen skal det vere nynorsk ordliste av nyare dato. Dei tilsette må søkje sakkunnig hjelp i språkspørsmål dersom dei treng det. Om det er behov for andre språklege hjelpemiddel som fornorskingsordbok eller synonymordbok, skal dette takast opp med nærmaste leiar som skal skaffe slike.

I kommuneadministrasjonen bør det vere ein person som kan stå til rådvelde som rådgjevar i språkspørsmål. Dei einskilde avdelingane skal gjere seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.

Materiell

Kommunen skal syte for at alle skjema, blankettar og liknande som vert brukt i kommunen er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skular og i barnehagar, skal vere på nynorsk så langt råd er.

Alle tilsette skal følgje med på at departement og statsorgan (både lokale, regionale og sentrale) tek omsyn til dei språklege rettane kommunen har, og følgjer mållova om bruk av nynorsk. Saker der dette ikkje vert gjort, skal takast opp.

Herøy kommune skal også vere ein pådrivar for å få meir nynorskmateriell frå KS og andre private samarbeidspartnarar/leverandørar. Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein naturleg samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Herøy kommune er medlem av LNK som er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

Samarbeid med næringslivet

Herøy kommune vil arbeide for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å drive god nynorsk språkrøkt i utlysingar, skilting og anna marknadsføring.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vere i samsvar med målføret. Sjå også lov om stadnamn som gir reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, uforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga
Foto framside: Herøy brann og redning